



Jørn Øyrehagen Sunde har gjort ein storinnsats utifrå historia til Baroniet

Jørn Øyrehagen Sunde er professor i rettshistorie og ofte å sjå på skjermen - seinast i ettermiddag saman med Linn Skåber. Men mykje av livet til den begava uskedelingen har handla om BARONIET der han i mange år har vore forskningsleiar. No legg han eit nytt kapitel til den jobben.

Det er ei bok som er ein del av 350-årsjubileet og den skal mellom anna presentera korleis folk levde i dei einskilde romma. Han vandrar frå rom til rom og fyllar dei med liv. Og der har det verkeleg vore liv ikkje berre stivbeint etikette.

Men han stoppar naturleg nok ikkje med det. Jørn kjem også inn på korleis folk i bygda såg på baronifolka og også korleis dei såg på seg sjølve.

Baroniet bar vidare gamle adelstradisjonar i distriktet men representerte samstundes noko nytt, ein ny adel med med større økonomisk og rettslag makt. Forfattaren viser Baroniet si rolle etter at vi fekk grunnlova. Baroniet skulle byggjast ut samstundes og det gav viktige bidrag til universitet og kunstnarar.

Historia er også historia om, landselen og landet, fastslår Øyrehagen Sunde som har nytta det 20 meter lange arkivet som kjeldemateriale og det har vore problematisk å skriva kort nok. Boka er ein appetittvekkjar for ei større bok. Men allereie i denne kjem det fram mykje ny informasjon.

Trass i dei mangeårige jobbane med baronistoff mellom hendene tyder lite på at Øyrehagen er iferd med å bli trøytt av baronane og deira undersåttar. Det er ei stor vinning for eit lokalsamfunn å rå over ein menneskjeleg ressurs og lokalhistorikar av hans format.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen